

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Jonsok – 4. søndag i treeiningstida – 24. juni 2012

Preiketekst: Matt 11,7-14

Lesetekst I: Mal 4,5-6

Lesetekst II: Apg 13, 16-26

Jonsok i Judea

Bål med bibelsk tennvæske

Midtsommar har vel ikkje same klang i Judea! Her til lands markerer me denne sundagen jonsok, med bål og moro. Den som stig på stolen denne dagen, kan altså velja mellom å følgja kyrkjeåret strengt (4. søndag i treeiningstida) eller å la gamle merke og tradisjonar få ein sjanse i gudsteneste eller møte. Personleg vil eg gjera det siste!

Det er heller sjeldan me får henta inn det folkelege, blåsa støvet av merkedagen og kanskje gje nytt lys over tradisjonen. Difor bør me kanskje `fyra oppunder` midtsommarbålet med bibelsk tennvæske, og be om at det til saman svir av noko rusk og bringer inn noko bestandig, ja, evig.

Døyparen sat i fengsel, men utan brev- og besøksforbud. Difor kunne den fanga senda læresveinar med brennande spørsmål til frigjeraren: Er du den som skal koma?

Han som hadde sett folk i brann ved vekkjande forkynning og som gjorde dei endå meir brennande ved å døypa dei (!) i Jordan – han måtte ta konsekvensane. Og èin konsekvens var den sviande tvilen: Er du, Jesus, den som skal koma?

Meir enn ein profet

Smålåten på eigne vegne (Joh 1), men kalla av Israels Gud til å rydda veg for Herren. Eg er ikkje Elia, hadde han sjølv svara på innkomne spørsmål. Men Jesus gjev annan attest! Medan døyparen sine folk går attende til sin herre med trøystande vitnemål; folk blir sette fri, kan Jesus forkynna for alt folket. Johannes er Elia (Mal 4,5).

Begge delar er viktige for oss som vil sjå Jesus som Messias, og som vil bringa Han til folk her og der; profetiane vert oppfylte. Guds frelsesplan går etter skjema. Døyparen ropte folk til seg; dei kom frå gater og streder, ut i det fri, der Abraham, Isak og Jakobs Gud enno ein gong kunne syna folket kven Eg er. Israel fekk sanna syndene sine, kasta dei på `bålet`, venda om og tru Herrens lovnad: Snart kjem han som koma skal, `Himmelriket er nær`!

Herren Jesus kom, då tida var inne, `født av ei kvinne` og ved Den heilage ande. Han er det som set fangar fri, som vekkjer samvitet, så både tvil og tru kan stå fram. Han er `Guds lam` som Johannes peika på.

Seks månadar før jul

Men i dag gjeld det Johannes, i lys av Jesus. Han er, seier Herren, den som skulle koma; kledd som Elia, med dette oppdraget over livet sitt; å setja folket i brann! Så dei kunne sjå han som skulle koma, og kjenna han når han kom; Messias.

Denne dagen, seks månader før jul, medan sommaren er på sitt lysaste her i nord, kan me kasta oss ut i livsgleda! Lettkledde kan me stimla saman rundt bål og grill, somme for å skåla og skråla, andre for å nyta den varme stilla.

Midt i dette, kan me som forkynnarar få peika på liv og røre i himmel og historie, til vår frelse og evige frigjering.

Noko må bort for at noko anna skal sleppa til. Rusk frå kjellar og loft, frå hjartedjup og tenketank, kan gjerne kastast på bålet, som var det syndebukken. For Gud har noko nytt til Israel og verda; gøymt i det gamle, ligg spiren til det nye. Døyparen mista hovudet, ikkje i overstadig begeistring, men fordi han *tok krossen opp*, og fylgde, utan omsyn til kostnaden.

Slik blir han framleis eit førebilete, i tru. Slik blir han ei `løkke-såta` som fangar blikket ei lita stund slik at me blir vår det store lyset!

Ljoset i mørkret

Diktaren Aslaug Låstad Lygre sat ein sommarkveld på sanatoriet her i Luster. Tuberkolosen herja med henne, men ho kunne likevel skriva: `Vi skal ikkje sova burt sumarnatta / ho er for ljøs til det`.

Slik er det: Deilige sommarmånader kan lettare gje oss trua på livet og på Han som gav oss det. *Jonsvaka* (jonsok) kan opna oss for Lyset i mørkret, Jesus Messias.

Og vår `olympiske eld` vart tend i Jerusalem!

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster, mangeårig medlem og leiar av krinsstyret for Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane

gepauls2@online.no